

Kjære medlemmar,

3. mars 2025

Her kjem første nyheitsbrev i ny medlemsportal i NFF. Det er mykje som skjer i verden i desse dagar. Heldigvis bidrar barnefysioterapeutar også i mediabildet, ikkje minst gjennom NRK-serien “Team Pølsa” som du kan lese om i [Tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi](#). Der kan du også lese ein omtale om serien [“Uten synlige tegn”](#) på TV2 frå Universitetssjukehuset i Tromsø. Fysioterapeuten er ikkje så synleg i serien men er likevel ein viktig del av teamet. I tillegg var [barnefysioterapeut ved Lillehammer sykehus](#) presentert i tidsskriftet Raumnes denne veka.

Som de kanskje har sett i [tidsskriftet](#) har vi oversatt brosjyrane våre til fleire språk, sist til Ukrainsk, med støtte til oversetting frå [NASKO](#). Alle brosjyrane legg inne på [fysio.no](#) under faggruppa. På brosjyrane er det satt inn QR-kode, slik at det blir lettare å klikke seg inn: [Barnets første leveår Skjevt hode og favorittside](#)

Barne- og ungdomsklinikken ved OUS har laga ein plakat om skjermbruk for dei minste barna som er gitt ut i samarbeid med Norsk psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund. Plakaten er oversatt til mange språk og det oppfordrast om å henge den opp ved eksempelvis helsestasjonar. Plakaten er også tilgjengeleg for alle under [fysio.no](#), BUF, brosjyrer og du kan også lese om den i [tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi](#), så spre ordet!

Faggruppa har fått rabatt på kjøp av **MABC3-test** for våre medlemmar. Rabattkode **NFFMABC10** gir 10% rabatt ved bestilling av den norske versjonen av Movement ABC-3 Komplet kit. Koden kan brukast ein (1) gong til å bestille **eit sjølvalgt antal av MABC-3 NO Komplet kit**. Koden er gyldig til **30. juni 2025**. Bestilling via denne nettsida: [MABC-3](#), angi rabattkoden ved utsjekk i nettbutikken. Ta kontakt med [ludwika.osiak@pearson.com](mailto:ludwika.osiak@pearson.com) hvis spørsmål. Tirsdag 11. mars, kl. 13.00–14.00 arrangerer dei webinar om testen, påmelding via [denne lenken](#).

Neste veke starter [Fysioterapikongressen 2025](#) på Gardemoen. Vi har fått beskjed om at det fortsatt er ledige plassar, også dagspass. Vår faggruppe har bidratt med fleire sesjonar så vi oppfordrer til å delta! Blant anna kjem NASKO og presenterer satsinga på helsefremmande og forebyggjande arbeid i helsestasjon og skolehelsetjeneste. Det er fleire sesjonar som omhandler barn, unge og smerte, både teori og praksis. Vi arrangerer sesjonen “Berøring for bevegelse i barnefysioterapi – hvordan støtte barn i sin utvikling og opplevelse av «jeg kan?»” og Sherborne workshop. I tillegg er det fleire innlegg som er relevante for oss som arbeider med barn og unge. Vi håper å sjå deg der!

Årsmøtet 2025 blir avvikla **14.03.2025 kl. 17.20-18.50** på Gardemoen. Om du deltar digitalt, er det viktig med påmelding gjennom kursportalen: [Mysoft Portal](#) Om du møter fysisk er det fint om du melder deg på her [Mysoft Portal](#).

BUF fortset å arrangere Hine-kurs i 2025. I vinter er det gjennomført Hine-kurs i Stavanger og Trondheim. Det blir Hine-kurs i Molde 3. april og i Bergen 19. mai- her er det fortsatt nokre få ledige plassar. Snart kjem også datoar for Austlandet. Følg med på [kurskalenderen!](#)

Ta kontakt med oss om stort og smått på [barneogungdom@fysio.no](mailto:barneogungdom@fysio.no) Vi ønsker også innspel til [tidsskriftet vårt](#) om det som rører seg fagleg rundt omkring i landet, så ta kontakt med redaksjonen på [redaksjonbuf@fysio.no](mailto:redaksjonbuf@fysio.no).

På vegne av styret i BUF

Ingunn Skogseth-Stevens, faggruppeleder